

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 14.06.2017
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2015/1954
STYRESAK: **057/2017**

STYREMØTE: **30.06.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til vitande følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 20.02.2014
- b. Styreinstruks for styret i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- d. Fullmactsstruktur for Helse Førde HF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- f. Etiske retningslinjer for Helse Førde
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Oppsummering

Det vart frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Styrande dokument for styret i Helse Førde HF omfattar:

- Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 20.02.2014
- Styreinstruks for styret i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- Fullmaktstruktur for Helse Førde HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Fakta

Styret har frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta. Jf. styresak 026/2015 A «Revidert styreinstruks og revidert instruks for adm. direktør i Helse Førde HF».

Dokument som er fastsett av staten/eigar er følgjande:

- Rettleiaren «styrearbeid i helseføretak»
- Regjeringa sin eigarpolitikk
- Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa

«Rettleiaren for styrearbeid i helseføretak» var orienteringssak til styremøte i Helse Førde HF 25.11.2011. Rettleiaren gir ei kort orientering om styrearbeid i helseføretak og er meint å bidra til rolleforståinga og rolleutøvinga til styra.

Rettleiaren omhandlar:

- ✓ Helseføretaksmodellen
- ✓ Rammer for statens eigarskap
- ✓ Styret - og god verksemdstyring
- ✓ Styra - rammet og oppgåver
- ✓ Praktisk styrearbeid
- ✓ Styrelitteratur
- ✓ Sentrale dokument
- ✓ Sentrale lover og forskrifter
- ✓ Avtalar og reglement

Helse- og omsorgsdepartementet har i føretaksmøte 12. januar 2016 understreka at spesialisthelsetenesta skal rette seg etter krav og føringar som følgjer av regjeringa si eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014).

I føretaksmøte 12. januar 2016 var det særleg peikt på at føretaka skal føre ein ansvarleg arbeidsgjevarpolitikk som og bidrar til å sikre tilgang på helsepersonell i framtida og forsikre seg om at tilsette hos leverandørar, og i andre land, har forsvarlege vilkår. Føretaka skal også vere i fremste rekke i arbeidet med klima- og miljøtiltak.

Med omsyn til leiarløn skal helseføretaka halda seg til dei statlege retningslinjene som tok til å gjelde frå 13. februar 2015. Prinsippet om moderasjon står sentralt, og det heiter at leiarlønningane skal vere tevlingsdyktige, men ikkje lønsleiande.

Styret har sjølv rådigheit over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur
- Ethiske retningslinjer

Kommentarar

Styreinstruks og instruks for administrerande direktør

Føretaksmøte i Helse Førde HF vedtok i møte 20.02.2014 endring i vedtektene §7, med endring frå 11 til 10 styremedlemmer.

Styreinstruks og instruks for administrerande direktør vart revidert i styremøte 30.04.2015, jf. styresak 026/2015 A.

Styreinstruks vart oppdatert i punkt 2 Samansetjinga av styret

«Styret skal til saman ha 10 medlemmer»

Instruks for administrerande direktør vart oppdatert med nytt punkt 4.10. Påtalekompetanse m.v.

«Administrerande direktør har gjennom denne instruksen fått delegert fullmakt til å krevje påtale etter straffelova § 79. Det same gjeld å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har viseadministrerande direktør tilsvarande kompetanse. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Fullmaktsstruktur

Delegasjonsreglementet presiserer alle delegasjonsfullmaktene til leiarar i Helse Førde innan personaladministrasjon og økonomi.

Generelle prinsipp:

- Den einskilde medarbeidar skal levere/sendje skriv/søknad til næraste overordna. Så skal leiar på kvart nivå syte for at saka vert levert rett avgjerdsnivå
- Leiar skal sende sine egne søknader til næraste leiar
- Ingen leiar skal avgjere saker som gjeld eigen person, sjølv om ein har delegert ansvar for tilsvarande saker for sine tilsette

Det er ikkje gjort endringar i fullmaktsstrukturen sidan september 2010 (vedlegg 4).

Etiske retningslinjer for Helse Førde

Styret i Helse Førde HF godkjende i styremøte 25.05.2012 at dei vedtekne etiske retningslinjene for føretaksgruppa i Helse Vest også skulle implementerast i Helse Førde (jf. styresak 040/2012 A). Helse Vest RHF føreset årleg handsaming av retningslinjene i helseføretaka.

Styret i Helse Førde HF har ifrå 2012 handsama «Etiske retningslinjer – implementering i Helse Førde», som ei årleg orienteringssak. Det er i den årlege saka gjort greie for tiltak for oppfølging og implementering i Helse Førde.

Konklusjon

Det vert framlagt ei årleg sak, med gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF.

Administrerande direktør føreslår at styret tek gjeldande styrande dokument til vitande.

Vedlegg:

1. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 20.02.2014
2. Styreinstruks for styret i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
3. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
4. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
5. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
6. Etiske retningslinjer for Helse Førde
7. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
8. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel